




# Vil du jobbe i kyrkja?



Jobb i kyrkja





## Mange og varierte jobbmoglegheiter

Kyrkja har plass til fleire engasjerte medarbeidarar, kanskje er du vår neste kollega?

Arbeidskvardagen i kyrkje og kyrkjelyd er full av kontrastar. Dagen kan vere roleg, hektisk, utfordrande, trygg, spanande og innhaldsrik. I kyrkja får du møte og bety noko for menneske når livet går dei imot, når livet smiler og når kvardagen rår. Ingen dagar er like, men du vil alltid kunne vere eit medmenneske og dele det kristne håpet og trua på Jesus.

I kyrkja er prestar, diakonar, kantorar og kateketar vigsla yrker. Men kyrkja har eit stort mangfald av medarbeidarar mellom anna innan administrasjon, økonomi, bygg og vedlikehald.

## Ulike yrke i kyrkja



Å vere **prest** er ei god blanding av fagleg og menneskeleg arbeid. Presten er den som knyter band mellom livet i kvardagen og rituala i kyrkja. Presten har ansvar for gudstenester, bryllaup og gravferder, dei store hendingane i livet til mange menneske.

Visste du at kyrkja også driv med undervisning og pedagogisk arbeid? Dette arbeidet er det **kateketen og kyrkjelydspedagogen** som er ansvarleg for. Kateketen skal saman med andre tilsette utvikle og leie konfirmantundervisninga og skape engasjement blant både barn og unge.






Orgelmusikk, piano, solosong, barnekor, kyrkjekor, konsertar eller gudstenester. I kyrkja er det mykje musikkglede, og den som leiar dette er **kantoren eller kyrkjemusikaren**. Kyrkjemusikaren er kyrkja sin utøvande musikar. Kyrkjemusikaren samarbeider iblant med profesjonelle musikarar, andre gonger er det born på orgelskule som blir rettleia.



Ein **diakon** jobbar tett på menneske i alle aldrar og frå ulike miljø. I dette yrket er arbeidskvardagen full av kontrastar. Diakonen leier omsorgsarbeidet i kyrkjelyden, gjerne i samarbeid med andre frivillige organisasjonar og kommunale instansar. Diakonen er ein brubryggjar mellom lokalkyrkja og lokalsamfunnet.

Kyrkja er ein stor arbeidsplass som også krev god leiing og økonomistyring. **Kyrkjeverjen** leiar administrasjonen. Andre administrative stillingar, er til dømes **kontorleiar**, **dagleg leiar**, **kontorsekretær** eller **konsulent**. Oppgåvene på kyrkjekontoret er mange og varierte, og ein jobbar i fellesskap med kollegaer med ulik kompetanse og erfaring.



Det er også ei rekkje praktiske yrke i kyrkja. Nokon må halde kyrkjebygg og gravplass ved like. Desse jobbane passar godt for dei som likar varierte dagar, utan alt for mykje stillesitting framfor skjerm. I kyrkja kan ein arbeide som **kyrkjetenar**, **gravplass- eller krematoriearbeidar**, **vaktmeister**, **reinhalдар**, **driftsleiar**, **fagarbeidar** med meir.






# DEN NORSKE KYRKJA



For meir informasjon om studiar og innhald i jobbane i kyrkja, sjå [jobbikyrkja.no](http://jobbikyrkja.no) eller bruk qr-koden nedanfor.



[jobbikyrkja.no](http://jobbikyrkja.no)